

Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom hjå Hardanger Energi, Ulvik

Dato: 02.12.2022

Klokkeslett: 16:30 – 19:00

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

22/22: Meldingar

23/22: Orientering v/styreleiar

24/22: Orientering v/sekretær

25/22: Oppsummering etter villreinjakta 2022, herunder cwd-situasjonen

26/22: Hytteutleige, moglegheit for bestilling gjennom sommar og haust

27/22: Aktivitetar 2023

28/22: Eventuelt

Publisert 07.12.2022.

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda as
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

22/22: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal 2022:

2022.06.03-001. Norges fjellstyresamband - Sakspapirer til landsmøte i Norges fjellstyresamband, 09-10. juni 2022

2022.06.07-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve helikopter for Voss utferdslag, Kaldavasshytta, sommar 2022

2022.06.09-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve helikopter til Ulvik fjellstyre ifm utsetjing av fisk Kvannjolvnt, Fløyelsvatni, sommar22

2022.06.09-434.4. Ulvik herad - Søknad frå Jøklagutane om køyreløyve for snøscooter Finse sør ifm filmproduksjon, mars 2023

2022.06.09-434.4. Ulvik herad -Landingsløyve helikopter Bergen/hord turlag 3-5 turar Rundavatnet-Hallingskeid, utbedring bru2022

2022.06.16-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok Ulvikfjellstyre, møte 07.06.2022

2022.06.16-612.1. Eidfjord fjellstyre - Førebels vedtak om samjakt 2022, Hardangervidda villreinområde

2022.06.17-612.1. Villreinutvalet for Nordfjella - Samjaktavtale Nordfjella 2022

2022.06.17-642.1. Ullensvang fjellstyre - Fellesvedtak prisendring fellesfiskekort 2022

2022.06.17-612.5. Villreinnemnda for Hardangervidda - Informasjonsskriv for villreinjakta 2022

2022.06.17-362.1. Ulvik fjellstyre - Uttale vedr avvikling/omdisponering av bygningar Linken, Dyrhaugane.

2022.06.23-612.1. Eidfjord fjellstyre - Vedtak om endring av jakttid villrein 2022, sør for Rv7

2022.06.23-642.1. Eidfjord fjellstyre - Vedtak om prisendring fellesfiskekort 2022

2022.06.24-011.3. Norges fjellstyresamband - Kontingent for 2022

2022.06.28-642.1. Eidfjord fjellstyre - Spørsmål om innkorting av fisketida for stongfiske på Hardangervidda

2022.07.01-011.5. Fjellstyra på Hardangervidda - Utkast til ny 5-årig samarbeidsavtale for handsaming i Ulvik fjellstyre

2022.07.27-434.4 Bane Nor - Kopi av køyreløyver Haugastøl-Finse. Reinsjakt 2022.

2022.07.25-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Referat frå møte i utvalet den 14.06.2022

2022.07.25-641.2. Norges Miljø-og Biovitenskaplige faktultet. Søknad om prøvefiske 22/23 i Finsevatn,Tågavatn og Ustekveikja øvre

2022.07.26-641.2. Ulvik fjellstyre - Uttale til prøvefiske 2022 og 2023 i Finsevatn, Tågavatnet og Ustekveikja øvre.

2022.07.27-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Grjotrust. Rehabilitering bygg, Arne Os.

2022.07.27-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Vedlikehald Rallarvegen, Melcon AS

2022.07.27-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Reinsjakt, Per-Are Halstensgård

2022.07.27-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Reinsjakt, Tunga jaktlag

2022.07.29-434.4 Ulvik fjellstyre - Merknad til søknad om scooter-køyring ifm filmminnspeling Finse, mars 2023

2022.08.12-641.2. Statsforvaltaren i Vestland - Løyve til prøvefiske ut august 2022 i Finsevatn, Tågavatnet og Ustekveikja øvre.

2022.08.24-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Reinsjakt, Torkil Dokk

2022.08.30-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Grjotrust. Rehabilitering bygg, Nils Gunnar Øydvin

2022.08.30-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Transport av ved til hytte. Nina Lühr

2022.09.07-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Slirå. Rehabilitering bygg. Øystein S. Simonsen

2022.09.07-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Sandå-Slirå. Rehabilitering bygg. Are Johannes Hammer

2022.09.07-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil Finse-Lågheller. Reinsjakt. Svein Olav Havikhagen

2022.09.02-362.1. Statskog - Vedr Forsvarets radiolinjestasjon ved Dyrhaugane, kabeltrasse og sikringsbu ved Finse

2022.09.08-652. Ulvik fjellstyre - Vedtak om utviding av garnfiskesesong til 30. september i Langavatnet, Ulvik SA

2022.09.15-434.4 Ulvik herad - Kopi av køyreløyve bil til Slirå. Rehabilitering bygg. A. Johannesen og A. Dragøy

2022.09.21-613.9 Ulvik fjellstyre - Vedtak om stans av småviltjakt i Ulvik SA, Fjellova §23 - lav rypebestand

2022.09.21-613.9 Ulvik herad - Høyringssvar iht Fjellova §23 - Ulvik fjellstyre sitt vedtak om stans av småviltjakt i Ulvik SA

2022.06.09-434.4 Ulvik herad - Svar på søknad frå Jøklagutane om køyreløyve for snøskuter Finse sør ifm filmproduksjon, mars2023

2022.23.09-612.9 Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Vedtak om ikkje utvida jakt til 07.10. Jakta stansar 30.09.2022

2022.06.10-612.9 Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Varsel om påvisning av CWD på villrein (simle)

2022.10.18-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Fellingsresultat etter villreinjakta 2022

2022.10.31-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok Røldal fjellstyre, møte 17.10.2022

2022.10.31-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok Øvre Numedal fjellstyre, møte 25.10.2022
2022.10.31-001.5 Hardangervidda villreinutval - Invitasjon til haustmøte 2022
2022.02.11-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok Ulvik fjellstyre, møte 25.10.2022
2022.07.11-612.9 Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Dugnad for villreinens beste - invitasjon til møte 25.11.2022, Geilo
2022.11.11-011.5. Hardangervidda fjelloppsyn - Invitasjon til styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda AS, 25.11.2022
2022.14.11-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i Øvre Numedal fjellstyre, møte 08.11.2022
2022.15.11-612.9. Hardangervidda villreinutval - Miljødirektoratet: felles anbefaling i kampen mot skrantesjuka (CWD)
2022.17.11-433.1. Statskog - Remerking og revarding av ruta Finse - Blåisen. DNT Oslo og Omegn sommar 2023.
2022.17.11-433.1. Ulvik fjellstyre - Remerking og revarding av ruta Finse - Blåisen. DNT Oslo og Omegn sommar 2023.
2022.18.11-612.9. Hardangervidda villreinutval - Beregningar frå Veterinærinstituttet - forekomst av CWD på Hardangervidda.
2022.18.11--001.5. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Invitasjon til innspelsmøte om stortingsmelding om villrein.
2022.28.11-612.1. Dyrenes rett - Villreinen på Hardangervidda settes i stor fare (ref. mulig vinteruttak).
2022.30.11-612.1. Norges Jeger- og fiskeforbund. NJFF støtter uttak av vinteruttak av bukk 2022
2022.30.11-001.03. Ulvik Rekneskapslag - Innkalling til årsmøte 2022
2022.01.12-612.1. Eidfjord fjellstyre - Protest mot plan om vinteruttak på rein på Hardangervidda vinteren 2023
2022.02.12-001.1. Miljødirektoratet - Skrantesjuka, reetablering av villrein i Nordfjella villreinområde sone 1
2022.05.12-621.2. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Brev til Hardangervidda Villreinutval om bestandsforvaltning/plan
2022.05.12-612.9. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Evaluering av villreinjakta på Hardangervidda hausten 2022

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær om saker og aktivitet så langt i 2022.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane sidan sist møte den 07.06.22 og orienterte om saker og aktivitetar så langt i 2022.

Vedtak (sak 22/22):

Fjellstyret tok meldingane til orientering.

23/22: Orientering v/styreleiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/styreleiar om saker og aktivitetar så langt i 2022.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Styreleiar gjekk gjennom saker og aktivitet så langt i 2022.

- Sankebu, Austdalen: Hytta er gjennom sommaren oppgradert med nytt golv, ny kjøkkenbenk og utslagsvask, samt nye senger i yttergangen. Noko arbeid gjenstår. Dette vert fullført sommaren 2023.
- Brua mellom Rundavatnet og Vesle Rundavatnet er teke ned for sesongen.
- Det er laga nytt båtutsett ved Rundavatnet (same stad som før). Det vert betongarbeider sommaren 2023. Dette arbeidet vert gjort i regi Statkraft.
- Båtutsett ved Langavatnet vert fullført sommaren 2023. Noko betongarbeid gjenstår. Dette arbeidet vert gjort i regi Statkraft.
- Kano tilhøyrande Ulvik fjellstyre vart ikkje sett ut i år. Dette grunna mykje snø i fjellet, sein isgang og kort sesong i fjellet.
- Rallarvegen, strekninga Finse og vestover til Slirå er opprusta.
- Finsebu: Fjelloppsynet monterer ny kodeboks med nøkkel i. Boks vert montert innandørs i yttergangen til hytta. Avtale om nøkkelhenting på Finse vert avvikla.
- Orientering om møte med Statskog, Ulvik fjellstyre og Ulvik herad den 17.08.2022.

Vedtak (sak 23/22):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

24/22: Orientering v/sekretær

Saksdokument:

- Økonomirapport pr. 30.11.2022.

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær – økonomirapport, saker og aktivitetar så langt i 2022.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Sekretær gikk gjennom saker og aktivitet så langt i 2022.

- Gjennomgang av økonomirapport pr. 30.11.2022.
- Orientering om oppsynsaktivitet 2022, herunder reaksjonar.
- Orientering om prøvefiske i august i regi Norges Miljø- og Biovitenskaplige fakultet, i Finsevatn, Tågavatn og Ustekveikja øvre.
- Utsett av 1350 aureyngel fordelt på Ripsetjørnane , Øvre og Nedre Fløyelsvatni og Kvannjølmutvatnet. Utsetta vart gjort 09. og 18. august 2022.
- Ny samarbeidsavtale mellom Ulvik fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda AS er no undertekna for perioden 2023-2027.

Vedtak (sak 24/22):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

25/22: Oppsummering etter villreinjakta 2022, herunder cwd-situasjonen

Saksdokument:

- Fellingsresultat for Hardangervidda, villreinjakta 2022.
- Fellingsresultat for Nordfjella Sone 2, villreinjakta 2022.

Saksutgreiing:

Gjennomgang av fellingsresultat etter villreinjakta 2022 på Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde Sone 2. Orientering om status vedrørende cwd-situasjonen på Hardangervidda, herunder mogeleg vinteruttak (med henvisning til positiv cwd-prøve på vaksen simle, felt under jakt den 27.09.2022).

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær gikk gjennom fellingsresultata etter villreinjakta 2022 for Ulvik statsallmenning HA291 Hardangervidda villreinområde, og Nordfjella villreinområde NF600 (Sone 2). Det er eit fellingsresultat på nivå som tidlegare på Hardangervidda villreinområde. I Nordfjella villreinområde Sone 2, er det høg fellingsprosent samla sett med 64,6% felling av den totale kvoten. For Ulvik SA sin del er andelen 50%. De vart lagt fram oversikt over dyreposisjonar i jaktperioden for begge villreinområda.

Atle Ulgenes (leiar i Hardangervidda villreinutval) orienterte om cwd-situasjonen på Hardangervidda i lys av positiv prøve på villreinsimle september 2022, og om mogeleg uttak av villreinbukk vinteren 2023.

Vedtak (sak 25/22):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

HA291 Ulvik

statsallmenning.

Hardangervidda

villreinområde

Fellingsresultat
2022


HA291 kontrollkort	Bukk 2,5+	Bukk 1,5	Simle 2,5+	Simle 1,5	Bukkekalv	Simlekalv	SUM
Samjakt ØN SA innanbygds	1	1	2	1	2		7
Kontrollkort overført ØN SA ifm samjakt			5			2	7
Samjakt Rauland SA utanbygds	1		1		1	1	4
Osafjellet						1	1
Øvrige		1	3	2	1	1	8
SUM	2	2	11	3	4	5	27

FELLINGSRESULTAT I NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE JAKTA 2022


Sone 2:

	Hol	Aurland	Ulvik	SUM
Bukk vaksen	12	9	4	25
Bukk 1 ½ år	1	2	0	3
Bukkekalv	5	6	0	11
Simle vaksen	8	8	2	18
Simle 1 ½ år	0	1	1	2
Simlekalv	1	4	0	5
SUM FELT	27	30	7	64
Fellingskvote	51	34	14	99
Felt % av kvote	52,9 %	88,2 %	50,0 %	64,6 %

Dyreposisjonar for Hardangervidda under jaktperiode 15. august – 30. september 2022.



Dyreposisjonar Nordfjella villreinområde sone 2 under jaktperiode 20. august – 20. september 2022.



26/22: Hytteutleige, moglegheit for tinging gjennom sommar og haust

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre sine hytter Dyrahola, Søre Grøndalsbu og Ripsebu ligg ikkje opne for tinging på inatur.no i perioden 15. juli – 30. september. Denne perioden er forbehalde innanbygdsbuande. Hyttene kan i denne perioden tinging på telefon. Mykje tyder på at hyttene er mindre i bruk no enn tidlegare. Ein ber Ulvik fjellstyre ta stilling til om ordninga skal gjelda vidare, eller om ordninga skal endrast.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Saka vart drøfta. Ulvik fjellstyre ynskjer å halde fast ved eksisterande ordning inntil vidare, men at saka vert teke opp att til vurdering i samband med neste møte i fjellstyret.

Vedtak (sak 26/22):

Eksisterande ordning held fram inntil vidare.

27/22: Aktivitetar 2023

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering om aktivitetar som pr dags dato er fastlagt for 2023. Øvrige aktivitetar vert fastsett seinare.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering v/sekretær om aktivitetar i 2023.

- Villmarksleir 2023. Som tiltak for å fremje interesse for jakt, fiske og friluftsliv hjå barn og ungdom, vil Ulvik fjellstyre saman med Eidfjord fjellstyre arrangere villmarksleir sommaren 2023. Tid og stad er pr no ikkje fastlagt. Ulvik fjellstyre v/sekretær har fått hovudansvaret for den vidare planleggjinga. Nærare informasjon vert sendt ut seinare.
- Utkøyring av ved, gass og utstyr til fjellstyrehyttene vert utført av Hardangervidda fjelloppsyn i mars/april 2023.
- Byggjeprojekt:
 - Dyrahola. Ny utedo vert bygd sommaren 2023. Det gamle er i dårleg stand og vert teke ned. Ulvik fjellstyre har fått midlar gjennom Grunneigarfondet.
 - Naust ved Kvilinganutvatnet. Det vert bygd nytt naust ved Kvilinganutvatnet sommaren 2023. Det gamle er i dårleg stand og vert teke ned. Ulvik fjellstyre har fått midlar frå Sparebankstiftinga.
- Vedlikehald hytter:
 - Dyrahola: Vanleg vedlikehaldsarbeid.
 - Søre Grøndalsbu: Vanleg vedlikehaldsarbeid.
 - Finsebu: Vanleg vedlikehaldsarbeid.
 - Ripsebu: Maling av utedo, samt vedlikehaldsarbeid.
- Det vert montert ny kodeboks (nøkkelboks) til alle hytter. Alle kodar vert skifta.

Vedtak (sak 27/22):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

28/22: Eventuelt

Det vart ikkje fremja saker under dette punktet.

